

«kjære dykk» førekjem mest ikkje og verkar litt kunstig i dag. Vi-tittelen tener til å omfatte presten, men ofte prøver han med individuallisering som:

Kva svarar *vi* i dag, du og eg, alle oss, kvar einaste ein av oss . . . Til deg som er i kyrkja i dag, vil vi gjerne få seie . . . Vi høyer aldri ei opning som «kjære syndarar» eller «kjære medsyndarar», endå ei slik opning skulle ligge nær innhaldet i dei fleste tekstar.

Vurdering av preikespråket

Ein må ha klart for seg at religiøst språk i sin grunnkarakter er forskjellig frå viiskapleg, objektivt språk. Religiøst språk har nok ein viss informativ funksjon, men den subjektive, ekspressive og appellative funksjonen er langt viktigare. På mange måtar kan religiøs språkbruk samanliknast med politisk språkbruk. Føremålet er å påverke i ei bestemt lei. Derfor prøver ein medvritte å appellere til latente holdningar, kjensler og behov. Ein som analyseerer ei preike ut frå ein rationell eller logisk synsvinkel, er derfor komen på eit sidespor etter mitt syn. Religiøst liv kan ikkje sameinast med jordisk logikk.

Eit stort problem for mange prestar er at det blir venta at dei følger eit fast stilmonster og held seg til kjende tema. Brot med dette fører til heilt usaklege og negative reaksjoner. På den andre sida, dersom presten gir

inn i tradisjonen, hamnar han lett i klisjear. Preika blir upersonleg. Det blir ei du-preike og ikkje ei vi-preike.

I alle høve er likevel presten nøydd til å bruke ord og uttrykksmåtar som eksisterer i språket og elles halde seg til religiøse og belsekte omgrep.

Det blir venta eller kravd frå mange hald at presten skal halde seg unna politiske spørsmål. Til all naud kan han uttale seg litt om sosialpolitikk, men helst ikkje om kirkopolitikk eller forsvars politikk. Vi hugsar godt han som fekk påtale frå dåverande kyrkje- og undervisningsminister fordi han uttala seg om fri abort i kyrkja!

Presten skal heller ikkje vere religiøst påtrengjande, berre litt. I ein ypparleg TV-film som vart vist for ei tid sidan, tok hovudpersonen Bibelen alvorleg og ville gi alt han åtte til dei fattige. Han vart erklært simssjuk! Når det gjeld preikespråket rein generelt,

kan ein stille desse tre spørsmåla:

1. Overfører preikespråket informasjon og erforsstædeleg?
2. Maktar det å engasjere tilhøyarane, vekkje og overtyde dei til mot, tru og gi impulsar til ein kristenlivsførsel?
3. Opplever ein prekespråket som eit rett-fram, naturleg og autentisk språk, eller verkar det unaturleg og er prega av faste ord og vendingar i velbrukte kombinasjonar?

Svara på desse tre spørsmåla er avgjerdande for korleis kommunikasjonen er — god eller dårlig.

Raud-grøne alliansar i nyare norsk historie er tittelen på ein artikkel av Jostein Nerbøvik i *Syn og Segn* høfte 4 i fjor. I 1920-åra og seinare tala bl.a. Halvdan Kohl for at bønder og arbeidrarar burde stå saman. Ingar Kaldal viser noko av bakgrunnen for «grøne» haldninga i arbeidarararsla i 20-åra, da revolusjonære sosialistar ville drive bureising og arbeidarararar gjekk til åtak på industrialismen.

Eit element i det vi sidan 70-åra er blitt vande med som grøne idear, er — om ein set det på spissen — drømmen om at det gode liv kan levast i ei lita raud stue på landet med ein passeleg jordflekk ikking til å dyrke sine eigne grønsaker på. Industrialisering og urbanisering blir gjerne sett som fordeledeg for menneska. I vår tid har slike idear stått sterkt i intellektuelle mellomsjikt av folket. Går ein attover i historia til arbeidarsla, finn ein derimot at slike grøne idear også må ha vore utbreidd tankegods mellom arbeidsfolk.

ren, Hornsrud. Han såg retten til jord som ein menneskerett på linje med andre menneskerettar.¹ Han var ikkje som tidlegare socialistar redd for at dei som fekk jordjeidom, skulle bli stavnsbundne, og borgarleg innstilte. Det krav om jord som Hornsrud gjekk i brodden for, kom truleg sterke straumdrag i arbeidarklassen i møte. Det var ikkje berre taktisk frieri for å verve gardbrukarar som alt hadde jord, for arbeidarsla. No var det forresten ikkje heilt uvanleg at dei første industrianarbeidarane hadde litt jord heller — ofte hadde dei ein gris og noen høner òg.² I fall bedrifta stoppa i periodar, ville dei da i det minste ha litt mat på bordet. Men da industrialiseringa skaut fart for alvor, forsvann dette kombinasjons-hushaldet meir og meir. Det sa seg sjølv at urbaniseringa og koncentreringa av bustadene i byane gjorde slikt vanskeleg. Men trøgen til å forlate industrien til fordel for eit lykkeligare gardsliv på landet forsvann ikkje. Tvert imot, kring 1920 fekk denne trøgen til jord ekstra vind i segla mellom arbeidarane. Og jordpolitikken var den seinare statsministe-

ARBEIDAREN OG DRØMMEN OM SMÅBRUKET

Ingar Kaldal:

dannrørsla nådde klimaks, og ein skulle tru at tankar om sosialisering og kollektiv drift av jorda vart styrkte.

Går ein næra inn på den politikken og dei haldningane arbeidarrørsla møtte krisene i mellomkrigstida med, blir ein slegen av kor stor tru sosialistar hadde på bureising som krisetilflik. Og det var ikkje noe nytt med Nygaardsvold og 30-åra. Tvert imot var jorddyking og bureising ei enda større hovudsak i eit kriseprogram DNA sette fram i 1922. Det var overraskande nok utforma av ein av dei mest rabiate revolusjonære på den tida, Eugene Olausen. Han tok utgangspunkt i at det var 5 millionar mål udyrka, men dyrkar jord i landet. Berre den eine millionen som låg på Sørlandet, kunne gje grunnlag for 12 500 nye småbruk på 80 mål kvart. I tillegg til at det ville redusere arbeidsløysa, ville slik storstilt bureising vere nasjonaløkonomisk vinnande. Landet tapte meir i verdiar på at 40 000—50 000 gikk utan arbeid og måtte leve på fattigkassa, enn på det denne dyrkingsplanen ville koste, hevda Olausen. Prosjektet ville vidare skape ringverknader på økonomien. Bustadbygging, vegbygging, gjødningsindustri, maskinverksteder m.m. ville komme i gang igjen. Eit anna argument var at sjølvergingsevna ville auke. For Olausen var det viktig at ein kunne stå på eigne ben i den dagen revolusjonen kom og landet var omringa av fiender som ikkje ville handle med ein.³

I agitasjonen gjaldt det likevel å begrunne programmet overfor flest mogleg, om det skulle ha sjanse til å bli gjennomført. Da måtte dei revolusjonære slagorda stikkast unna. Med adresse til sparepolitikarane i Høgre slo Olausen fast at planen kunde Høgre slo Olausen fast at planen kunde forvarast sjølv ut frå eit «statsfinansielt synspunkt a la Konow» (Konow var stortingsmann for Høgre). Ingen skulle få avfete programmet med at det var «samfunnsmomstyrte (...) revolutionært (...) eller klas-sepolitikk». Bureisinga var krisepolitikk som dugde også innanfor det kapitalistiske

systemet.

Mye av inspirasjonen til Olausen kom frå aust, der bolsjevikane hadde bygd opp alliansar med bøndene. I tråd med denne tak-tikken sende Komintern i 1922 ut sine paroler om å danne einskapsfront med andre parti og klassar. Men sjølv om kriseprogrammet kunne støtte seg på Lenin, er det ikkje vanskeleg å sjå at bureisingstanken hadde grobotn i norske arbeidarhaldninga.

«Markens grøde»

Det kan ein sjå av at det også tidlegare var vanleg å krevje tilgang til jord når tilværet i industrien vart trasig. Fleire stader kom det under dyrtida og matmangeln kring 1917 framlegg om at kommunane måtte hjelpe til å sette i gang fjosdrift, potetdyrkning og grise-hald.⁵

Trangen til å trygge tilværet med eigen matproduksjon var gammal hos arbeidara-ene. I 1890-åra krevde f.eks. eit «Læse- og diskussionslag» i Klinga i Nord-Trøndelag at kommunen måtte kjøpe jord og dele ut til arbeidarar som ønskte det. Såleis skulle dei svake i samfunnet bli i stand til «selvhjelp og selvstændighet».⁶ Da selskapet «Ny jord» vart stifta i 1908 for å fremme nydyrkning og bureising, gav det håp til mang ein jordlaus arbeidar. Noen kommunar gjorde også ein del for å etterkomme ønsket om jord.

Når bureising vart hovudsak i krisepolitikken til arbeidarrørsla i 1920-åra, var altså ikkje kravet nytt. Men det ser ut til å ha fått særleg stor aktualitet under krisa. I dei lokala arbeidaravisene kom da kravet til uttrykk i form av resolusjonar, lesarinlegg, dikt osv. Eg har gått igjennom ein god del slikt avis-stoff i samband med eit hovedfagsarbeid i historie. I Kristiansunds-avisa Tidens Krav fann eg jordkravet uttrykt på denne måten:

«Arbeidsløs, men jeg ser et tog av alvorlige stante menn. —

med verktøy for å bryte jord, og vi skal alle ha sit av den. (...)

Hvis nyttig jord blir velt — hun alle sammen føder».⁶

Vi får her intrykk av ein tryggleik og hårmoni ved det å arbeide med jorda — kan hende var det den harmonien ein sakna i industrien. Når industrilivet vart ekstra trist og hardt å leve, kunne drømmen om eit betre liv annanstad være god å halde seg til.

Arbeidaravisa Demokraten på Hamar skreiv i 1921 om dei åra som var gått før — dei harde dyrtidsåra:

«I Trøs til og S. Østerdalen gikk for nogen aar siden som en vækkelse gjennom arbeiderbefolkingen at den ville ha jord, den bokstavelig hunget og tørstet etter jord.»⁷ I same avis skreiv redaktören, Olav Larssen, om tildeilinga av Nobels litteraturpris til Knut Hamsun for «Markens grøde», at romanen viste korleis «jorden og menneskene — de hører evig sammen. Aldrig finner menneskene en bedre arbeidsherre end jorden, aldri en som lønner mere rettferdig den trofaste mands ærlige stræv».⁸

Her er jorda sett opp mot «arbeidsherren», og med det kan ikkje forståast anna enn «herrene» i industrien. Larssen tok Hamsuns bok til inntekt for jordpolitikken til Arbeidarpartiet, som gjekk ut på nettopp å skaffe arbeidarar jordeigedom. Som jordeigar ville dei bli frigjorde frå undertrykkinga i industrien.

Demokraten hadde i tråd med målet om einskapsfront med «arbeidarbonden» i denne tida ei eiga småbrukarspalte. Der kunne ein lese i skikkeleg grøn stil som minner om melodien hos somme eit halvt hundre år seinare:

«Tro om det ikke var bedre at vi brukte den tid som nu medgaar til at staa i kø ved handelsmandens disk til at stelle kaniner og slagtfærfe? Vi maa bli mer selvhjulpne.»⁹

I same ånd klaga ein annan arbeidardekter, Torgeir Vraa i Fremtiden (Dram-

men), over kor skadeleg det var med spesi-alisering, mekanisering, nedlegging av hei-meindustri og svekt sjølforsyning. Resultatet vart at bøndene fekk for mye gield og måtte forlate landsbygda, meinte han.¹⁰

Vestfold Arbeidarparti foreslo i eit opprop mot krisa at det befolkningsoverskottet som hadde vorte i industrien (det var dei arbeidslause dei tenkte på), måtte førast tilbake til landsbygda.¹¹

Det ser ut til at stemminga var retta mot industrien i det heile, ikkje berre mot den spesielt kapitalistiske måten å drive den på. Folkets Dagblad i Larvik sluttet seg til ein aristikkel dei hadde funne i Gula Tidend på Vestlandet om den industrielle fordervinga av landet:

«Industrialismen som i de siste aar har væltet sig ind over landet og utarmer befolkningen, (...) bor stagges.»¹²

«Lordhungengeren» var ikkje utrydda etter ein «menneskealders industrialisme», slo ei anna avis fast. I Fredrikstad-avisa til det sosialdemokratiske partiet, som i 1921 braut ut av DNA, stod det at arbeidarane ønskte seg vekk frå «de støv og larmfyldte fabrikker som en ensidig automati en opspecialisert produksjon».¹⁴

Arbeidets Ret på Røros var einig, arbeidarane ville «bort fra industrien og ind i sikre landbruksforhold».¹⁵

Eg har funne desse uttrykka for antiindustrialisme i arbeidarpressa i dei første 1920-åra. Det tyder ikkje at haldningane var avgrens til det tidsrommet. Truleg vil ein kunne finne liknande haldningar også tildelegg. Det kan ein gå ut frå når ein ser på utviklinga i jordpolitikken til arbeidarrørs-la. Men mye tyder på at slike «grøne» idear fekk særlig sterkt vind i segla under krisene i mellomkrigstida, da mange arbeidarar rett og slett vart kasta ut av industriarbeidsplas-sane og måtte sjå seg om etter anna livs-grunnlag.

Forklaringa på at denne grøne haldningsbølja prega arbeidarrøsla sin reaksjon på krisene i 20-åra, utan at det same har skjedd i same omfang seinare, kan vere at arbeidarklassen enno for ein stor del bestod av folk som hadde hatt sin barndom og ungdom på landsbygda. Når industrien baud på dårlege kår, var det naturleg at dese menneska vende blikka attover dit dei kom frå — veggen tilbake må ha freista. Noen av dei fekk også realisert ønska sine ved at styremaktene byrja å satse ein del på bruising som krisepolitikk.

Først i 30-åra kom bureisingskravet noe i skuggen av kravet om å skape fleire arbeidsplassar i industrien. Kan det komme av at ein ny generasjon da var i ferd med å ta over etter dei industriarbeidarane som hadde forlatt landsbygda for å dra på anlegg og industri etter 1905? Var det eit resultat av at rotene til landsbygda vart stadig tynna-

re?

NOTAR

1. Aksel Zachariassen: Jorden og arbeiderbonden. 1921, S. 10f. (Brosjyre.)
2. Jan E. Myhre og Jan S. Østberg (red.): Mennesker i Kristiania. Oslo 1979, S. 116.
3. Social-Demokraten 22/11-1921.
4. Det 20de Aarhundrede 1921, S. 274. (DNAs teoretiske tidsskrift.)
5. Jostein Nordvik: Arbeiderrådsbevegelsen i Norge 1917—1919. Bergen 1974, S. 97. (Hovudlagsoppgave i historie.)
6. Tidens Krav 12/10-1920.
7. Demokraten 6/8-1921.
8. Demokraten 7/1-1921.
10. Bratsberg-Demokraten 30/10 og 1/11-1920.
11. Folkets Dagblad 29/11-1921.
12. Folkets Dagblad 21/13-1921.
13. Tidens Krav 5/10-1922.
14. Småalenenes Social-Demokrat 29/6-1921.
15. Arbeidets Ret 16/1-1922.

Det er resultatet av arbeidet som er viktig — derfor er det ikkje arbeidsplassar vi treng, men varer og tenester, meiner Ivar Brunborg. Han ser nye måtar å fordele goda på — eit nøkkelomgrep er GMT, garantert minstein-tekt.

Brunborgs utgangspunkt er Vidar Ringstads artikkel i *Syn og Seign 1982 hefte 6*, «Arbeidsløyse og inflasjon». Men står det verkeleg så gale til som dei «økonomiske indikatorane» kan tyda på, spør Brunborg.

Ivar Brunborg: IKKJE ARBEIDSPLASSAR, MEN VARER OG TENESTER

LEKMANNSKOMMENTAR TIL VIDAR RINGSTAD

Framtidstrua som kvarar

Dei første 25 åra etter krigen var ei framgangsrik tid — kanskje særleg for økonomiane som hausta seg mykje sjølvtillit. Det kunne nok bli småhakk opp og ned på utviklingskurvene. Men trettåra ville ikkje komma attende, til det visste dei altfor mykje om økonomiske samanhengar. Dette trudde vi alle og var lukkelege.

No er vi alle forvirra — ikkje minst økonomane. Det høyrest ut som all deira tryggleik og tru på eiga innsikt er blåst bort, og pessimismen breier seg. Vidar Ringstad skil seg i så måte ikkje mykje frå dei andre, men han klårgjer eitt og anna for oss lefolk slik at vi trur vi skjønar noko av det. Og då får han tola at vi blandar oss i diskusjonen.

Arbeidskraft ikkje som andre produksjonsfaktorar

Vidar Ringstad er langt på veg samd med dei som meiner det er konflikt mellom sys-taksetjing på kort og lang sikt. Kortsiktige til-tak kan auka inflasjonen og riva bort grunnlaget for nye arbeidsplassar. Men han vil likevel ta sjansen på å løysa dei nære syssel-setningsproblem fordi «ressursløsinga ved arbeidsløyse er kort og beinveges», medan det er meir uviss med alternativet.

Eg skal vera den første til å underskriva at vi ikkje må la oss lamslå av often for framtid-slik at vi blir ute av stand til å møta dag-sens krav til oss. Men eg er ikkje utan vidare viljig til å akseptera det synet på menneske-leg arbeidskraft som her kjem fram.

Det er rimeleg at ein i makro-økonomisk tenking må rekna med produksjonsfaktoren arbeid på same måten som kapital, råvarer og energi. Men til skilnad frå maskinene har mennesket noko vi kallar for vilje, eller motivering — som det visst heiter no. Eg veit med meg sjølv — og eg trur ikkje eg er stort